

## Rådmannen for utsetjing av skulesatsinga

28.02.2013



Blir skuletbetring utsett enda meir i Uskedalen? Foto: Ola Matti Mathisen

**Kvinnherad kommune får eit godt økonomisk resultat for 2012.**

**Det viser rekneskapen som no er sendt til revisor.**

**Men sjølv med eit overskot på over 44 millionar kroner, er utfordringane store i dei nærmaste åra. Rådmannen meiner difor at politikarane må vurdera å utsetja planlagte investeringar, mellom anna ved Uskedalen skule.**

Kvinnherad kommune sitt rekneskapsresultatet for 2012 ser ut til å enda på 44,687 millionar kroner, og dermed vil overskridingen frå året før kunna reduserast meir enn det politikarane la opp til i budsjettet sitt.

Årsaka til det gode resultatet er blant anna auke idei frie inntektene med 10,2 millionar kroner.

Dessutan viser dei variable inntektene ein auke på 21 millionar kroner.

Det er også eit driftsoverskot for verksemndene på 14,4 millionar kroner i året som gjekk.

Auken i dei frie inntektene skuldast god skatteinngang i nær alle kommunar, noko staten har teke høgde for i budsjettet for 2013.

Det er difor ingen grunn til å tru at det vil bli nytt overskot i år, meiner rådmannen

Men sjølv om kommunen kjem ut med eit fint økonomisk resultat i 2012, er alt likevel langt frå rosenraudt. Dersom kommunen skal oppnå så låg vekst som budsjettet legg opp til, må lønskostnadane reduserast kraftig, noko som inneber at talet på tilsette må vidare ned.

I debatten om endring av skulestrukturen har det kome klart fram at elevar

ikkje skal flyttast før dei får det betre på mottaksskulen.  
Det betyr store investeringar på mottaksskulane, og dermed nye driftsutgifter  
før strukturendringane kan gjennomførast.  
Dette er utgifter som det ikkje vart teke høgde for i budsjett og økonomiplan.

Kommunestyret sitt vedtak om vidare utgreiing av framtidig skulestruktur,  
vil også ha som konsekvens at det berre vil skje marginale strukturendringar  
i økonomiplanperioden. Det betyr igjen at ein må halda fram med å redusera  
omfang, standard og kvalitet på alle tenester.

–Styrking av budsjetttrammene slik mange vonar skal skje, må ein sjå  
langt etter, skriv kommunalsjef Kjell O. Nygård

Han meiner politikarane må vurdera grundig om kommunen skal halda fram  
med storeinvesteringar, som vil gjera det nødvendig med ytterlegare  
driftsinnsparingar, eller om ein skal utsetja investeringar til det er meir avklart  
kva som vil bli den framtidige skulestrukturen.

Ser ein bort frå investeringane som alt er påbyrja, er det spesielt følgjande  
prosjekt som kan vera aktuelle å utsetja, slik Nygård ser det:

Uskedalen skule kr 8,5 mill.  
Undarheim skule kr 10,0 mill.  
Rosendalstunet kr 12,0 mill.  
Opsangervegen kr 10,0 mill.  
Brannstasjon Rosendal kr 5,4 mill.  
Kai Rosendal kr 2,7 mill.  
Nasjonalparksenter/Folgefonnsenter kr 7,0 mill.  
Husnes kyrkjegard kr 4,0 mill.  
Idrettspark Husnes kr 4,9 mill.

Totalt er det snakk om investeringar på 135,8 millionar kroner  
Nygård meiner politikarane må diskutera å utsetja.

– Ingen budsjettframlegg eller økonomiplan-framlegg løyser problema,  
meiner Nygård.

**Av Kristian Hus**  
HusnesNett